



Notat

Dato: 12.08.2014
Arkivsak: 2014/18653-5
Saksbehandlar: hanespe

Til: Signe Vinje

Frå: Hanne Espe

Innspel frå Kultur og idrettsavdelinga, seksjon idrett og friluftsliv

Kommuneplan for Modalen 2014 – 2025
Planomtale samfunns- og arealdel

Høyringsinnspel

- Positiv til at det er mykje medverknad frå innbyggjarane i prosessen
- Bra at det ligg som mål å oppretthalde tilbodet til innbyggjarane i Bryggjeslottet

Nasjonale og regionale føringar – vi saknar desse;

Den norske idrettsmodellen. Meld.St. nr 26 (2011-2012)

Folkehelsemeldingen : God helse – felles ansvar. St.meld. nr 34 (2012-2013)

Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020)

Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv (2014-2020)

Ny regional kulturplan – på høyring

Regional plan for folkehelse, Fleire gode leveår for alle (2014-2025)

Vi oppmodar til at de i sentrumsplanlegginga også inkluderer planar for nærmiljøanlegg, nærfriluftsliv og andre løysingar som kan vere med å forme sentrum som ein aktiv møteplass for alle. Tilboda må finnast der folk er.

De skriv i planen at Modalen kommune kan ha potensiale for å verte ein attraktiv kommune for sykkel, men finn ikkje grunnlag for å satse på utbygging av gang og sykkelveggar. Vi oppmodar vi til å vurdere gang og sykkelveg mellom dei to sentrumsområda, Mo og øvre Helland. Dersom sykkel skal vere ein reell form for persontrafikk og som rekreasjon så må det vere trygt å ferdast for syklistar.

